

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen
Møtested: Norsk Fjellmuseum, Lom
Dato: 30.05.2012
Tidspunkt: 13:30 – 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	Leiar	Lom kommune
Iselin Jonassen		Vågå kommune

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen		Luster kommune
Jørland Ødegaard Lunde		Oppland fylkeskommune
Vidar Eltun		Vang kommune
Arild Ingar Lægreid		Årdal kommune
Frida Melvær		Sogn og Fjordane f.k.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Marit Aakre Tennø	Ivar Kvalen	Luster kommune
Tor Jevnheim	Jørland Ødegaard Lunde	Oppland fylkeskommune

Merknader

Vidar Eltun, Vang, og Ivar Kvalen, Luster, deltok på første dag av fagsamlinga, 29. mai

Iselin Jonassen og Marit Aakre Tennø vart valde til å skrive under protokollen

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Andre:	
Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Harald Klæbo	Fylkesmannen i Oppland

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Jselin Lonarsee

Matt Antemy

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/2012	Godkjenning av protokoll/innkalling		2003/4333
ST 18/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Transport av bru til Glopåa på Russvatnet - Glitterheim turisthytte		2012/3136
ST 19/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Rammetillatelse for tilbygg til kvilebu på Galdhøpiggen - Juvasshytta AS		2012/2249
ST 20/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bygningsmessige tiltak på Glitterheim Turisthytte gnr. 155/1/67 - DNT Oslo og Omegn		2012/1633
ST 21/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Ekstraturer med Gjendebåten Gjendebu - Gjendesheim		2012/3472
ST 22/2012	Jotunheimen nasjonalpark - søknad om bruk av motorbåt på Gjende i samband med synfaring - Energikampen		2012/3528
ST 23/2012	Gjenoppbygging av steinsel på Skogadalsbøen		2012/3610
ST 24/2012	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012-2015 - Helikoptertransport med lagringsvarer til Avdal Gard - Stiftinga Avdal Gard		2012/3605
ST 25/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Bruk av helikopter for transport av materialar frå Krossbu til Olavsbu - Stokk & Stein AS		2012/3523

ST 17/2012 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Vedtak

Protokoll frå førre møtet godkjent.

Innkalling og dagsorden godkjent.

- - - - -

Under Eventuelt vart følgjande punkt tekne opp

Eventuelt

a) Administrativ faggruppe

Forvaltarane kontaktar kommunane og fylkeskommunane og ber om forslag på representant til administrativ faggruppe innan neste styremøte.

b) Disponering av tildelt forvaltningsressurs

220.000 kroner til disposisjon for verneområdestyret

Registrerte behov

- Utbetring av stigen langs Gjende, etter utrasing mellom Memurubu og Gjende
- Utvikling av informasjonsmateriell

Aktuelt: Rullebanner (Rollups) om nasjonalparken til turisthyttene og utbetring av informasjonstavler

ST 18/2012 Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Transport av bru til Glopåa på Russvatnet - Glitterheim turisthytte

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Vedtak

Det blir med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.2 gjeve løyve til bruk av helikopter for transport av ny bru over Glopåa ved Blackwellbua ved Russvatnet. Brua er erstatning for den gamle brua, som vart øydelagd av is og stein for to år sidan. Helikoptertransporten skal samordnast med øvrig helikopterbruk i regi av DNT i veke 26, slik at samla motorferdsel vert halde på eit lågast mogleg nivå.

Samrøystes

ST 19/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Rammetillatelse for tilbygg til kvilebu på Galdhøpiggen - Juvasshytta AS

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Saka sendt tilsynsutvalet for uttale.

Behandling i tilsynsutvalet for Lom referert. Ingen innvending til tiltaket.

Vedtak

Juvasshytta v/ Per Vole får med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.1 dispensasjon for oppføring av tilbygg til kvilebua på Galdhøpiggen, i tråd med søknad og innsende teikningar. Dette for å tilfredsstille eit forskriftsmessig krav om handtering av brannfarleg gass etter tilsyn av Lom og Skjåk Brannvesen.

Det omsøkte tiltaket er lokalisert inntil etablert bygg og med stor vekt på arkitektonisk tilpassing og ein kan ikkje sjå at dette vil forringe verneverdiane i området eller gje vesentleg meirbelastning på naturmiljøet. Det er da ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla transport blir redusert til eit minimum.

Samrøystes

ST 20/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bygningsmessige tiltak på Glitterheim Turisthytte gnr. 155/1/67 - DNT Oslo og Omegn

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Saka sendt tilsynsutvalet for uttale.

Behandling i tilsynsutvalet for Lom referert. Ingen innvendingar til tiltaket.

Vedtak

Glitterheim Turisthytte får med pkt 1.1. i § 3 av verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark løyve til riving av eksisterande lagerbygg og oppføring av ny garasje- og lagerbygning på same stad, i tråd med søknad og innsende teikningar.

Omsøkt riving og nybygg på same lokalitet som eksisterande bygning blir ikkje vurdert å gje vesentlege negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla transport og øvrig miljøbelastning blir redusert til eit minimum.

Samrøystes.

ST 21/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Ekstraturer med Gjendebåten Gjendebu - Gjendesheim

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Vedtak

Det blir med heimel i naturmangfaldlovas § 48 gjeve løyve til

1. Å setja opp ein ekstra båtavgang frå Gjendesheim til Gjendebu, med avreise fredag 29.6. kl 18.30. Denne turen kjem i tillegg til ordinære ruter kl 0745 og 1425
2. Å setja opp inntil 4 ekstraturar til Gjendebu etter behov i løpet av sommaren 2012. Kvar tur må varslast til nasjonalparkforvaltar og fjelloppsyn/SNO via e-post eller SMS, seinast 2 dagar før transporten.
3. Det er *ikkje* tillatt med bestilling av ekstrabåt frå brygga (taxibåtverksemd). Rapportering om antal avganger, passasjertal, ekstrabåt og evt. rundturar skal skje årleg til forvaltningsstyresmakta.

Samrøystes.

ST 22/2012 Jotunheimen nasjonalpark - søknad om bruk av motorbåt på Gjende i samband med synfaring - Energikampen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Vedtak

Det blir med heimel i naturmangfaldlovas § 48 gjeve løyve til å bruke motorbåt med inntil 10 hk i austdelen av Gjende for synfaring ein dag mai/juni 2012.

Samrøystes.

ST 23/2012 Gjenoppbygging av steinsel på Skogadalsbøen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Saka oversendt tilsynsutvalet i Luster for uttale. Tilsynsutvalet er positive til tiltaket, men har merknad om at det bør setjast vilkår om at gamle deleveggen som er teken ned skal gjenoppførast

Vedtak

- Utladalen Sameige får løyve til å byggje oppatt steinselet på Skogadalsbøen som omsøkt, i tråd med vedlagde teikning.

- Utladalen Sameige får løyve til å transportere materialar og utstyr for å byggje oppatt steinselet, og løyve til å frakte ut overskotsmaterialar og utstyr når arbeidet er avslutta.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Steinselet skal byggjast etter teikningane, og få torvtak, vindaug med ekte sprosser og dør som vist. Eventuell bruk av betong skal verte skjult av stein eller tre.
- Løyvet for helikopterfrakt gjeld inntil 4 dagar i perioden 20.06.-30.09.2012. Helikoptertransport skal så langt det er praktisk mogleg samordnast med DNT Oslo og omegn sin helikoptertransport til Skogadalsbøen turisthytte eller annan helikoptertransport i området som har løyve.
- Den gamle deleveggen som er teken ned skal gjenoppførast

Samrøystes

ST 24/2012 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012-2015 - Helikoptertransport med lagringsvarer til Avdal Gard - Stiftinga Avdal Gard

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Vedtak

Stiftinga Avdal Gard får løyve til:

- Helikoptertransport opp til Avdal Gard med lagringsvarer o.l. ein dag i mai-juni (inntil 3 hiv) og for nedtransport av avfall ein dag i september/ved sesongslutt (inntil 2 hiv).

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet for helikopterfrakt gjeld frå hausten 2012 til og med hausten 2015. Då vil nytt verneområdestyre ta stilling til eventuell ny søknad våren 2016.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilagdagar.
- Omfanget av helikopterbruk skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Seinast dagen før skal de gje melding til naturoppsyn Rigmor Solem (mobil 959 65 158).
- Helikoptertransport skal så langt det er praktisk mogleg samordnast med annan helikoptertransport i området som har løyve.
- Det skal kvart år sendast skriftleg rapport til verneområdestyret ved nasjonalparkforvaltar om gjennomførte helikoptertransportar innan 1. november.

Samrøystes.

ST 25/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Bruk av helikopter for transport av materialer fra Krossbu til Olavsbu - Stokk & Stein AS

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen - 30.05.2012

Vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.3.2 får Stokk & Stein AS løyve til bruk av helikopter for frakt av materialar og handverkarar til Olavsbu i samband med ferdigstilling av pågåande byggjearbeid på Olavsbu.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Omfanget av helikoptertransport må avgrensast til det som er strengt nødvendig, og det blir gjeve løyve til *inntil* 6 hiv, slik det er søkt om.
- Transportane skal så langt det er praktisk mogleg samordnast med DNT sin varetransport. Første transport kan skje måndag 11. juni, med tanke på å få arbeidet utført før sesongen
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) skal ha melding seinast dagen før transport skal skje, slik at ho eller nokon annan innan oppsynstenesta i Jotunheimen kan vera tilstades. SNO sin representant kan gje føringar for særlege omsyn til naturmiljøet, og kan evt utsetja helikoptertransporten dersom omsyn til dyrelivet gjer dette nødvendig.
- Transporten skal av omsyn til friluftslivet fortrinnsvis skje på måndagar og tysdagar. Ved vanskelege værtilhøve kan transporten gjennomførast seinare i veka, med likevel ikkje i helgene (laurdag/ søndag).
- Transport frå Leirvassbu er å føretrekke, sidan dette gjev kort flygestrekning og minst motorferdsel og støypåverknad i verneområdet. Dersom vegen til Leirvassbu ikkje er farbar med lastebil, er likevel Krossbu eit akseptabelt alternativ.
- Det skal sendast ein enkel samlerapport med datoar for helikoptertransport og tal hiv på kvar dato så snart oppdraget er gjennomført.

Samrøystes.